

# AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM KOMMUNE- OVERSKRIDANDE HJORTEFORVALTNING ETTER § 28 -1 b I KOMMUNELOVA

## Avtalepartar og rollefordeling

Partar i denne avtalen er Voss, Modalen og Vaksdal kommunar

Vaksdal kommune er vertskommune med administrasjonsansvar, medan Voss og Modalen er samarbeidskommunar. Alle tre kommunane er deltakarkommunar.

## Rettsleg grunnlag

Avtalen har rettsleg grunnlag i:

- Lov av 25. september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommunar, § 28-1 b; vertskommunesamarbeid (Kommunelova).
- Viltlova med tilhøyrande forskrifter.
- Kommunestyrevedtak i respektive kommunar.

## Føremål

Føremålet med avtalen er å samarbeide om offentlig administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridande bestandsplanområde etter § 17 *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*.

Administrasjonen omfattar vald i følgjande bestandsplanområde:

- Vaksdal - Evanger bestandsplanområde (dekkjer Vaksdal og Voss kommunar).
- Storfjellet bestandsplanområde (dekkjer Vaksdal, Voss og Modalen kommunar).

## Mynde, ansvar og oppgåver for vertskommunen

Vertskommunen får etter kommunestyrevedtak i samarbeidskommunane mynde til å handsame og treffe vedtak i enkeltsaker som vedkjem administrasjon- og forvaltingsoppgåver innanfor saksområdet:

- Handsame og godkjenne søknadar frå hjortevald om bestandsplanområde og bestandsplanar for hjort som har teljande areal i deltakarkommunane.
- Tildele hjorteløyve til aktuelle bestandsplanområde med bakgrunn i:
  - *Vertskommunen sitt minsteareal for hjort (lokal forskrift).*
  - *Vertskommunen sine overordna mål for hjorteforvaltninga i kommunen.*
  - *Godkjende bestandsplanar.*

- Krevje inn fellingsavgifter for hjort etter fastsette satsar i kommunen, og overføre innkomne avgifter til samarbeidskommunane i same forhold som fordeling av teljande areal mellom kommunane.

I samsvar med § 17 i *Forskrift om Forvaltning av hjortevilt*, vert reglar i vertskommunen, gjevne i medhald av forskrifta, gjeldande for dei valda i samarbeidskommunane som inngår i bestandsplanområdet

### **Avtaleperiode og gyldigheit**

Avtalen vert gjort gjeldande frå om med juni 2016.

Delegering av mynde til vertskommunen gjeld berre så lenge hjortevalda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområde i samsvar med reglane i § 14 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, fell då attende til kommunen der valdet høyrer heime.

### **Rapportering**

Vertskommunen pliktar å orientere deltakarkommunane om vedtak som vert fatta og andre, administrative forhold som vedkjem delegerasjonen av oppgåver og avgjerdsmynde.

### **Økonomi**

Vertskommunen og samarbeidskommunane avtaler godtgjersle/kompensasjon for det administrative meirarbeidet avtalen medfører for vertskommunen.

### **Arkiv**

Vertskommunen har arkivansvaret for samarbeidet etter arkivlova.

### **Endring av avtalen**

Innhaldet i avtalen, med ansvar- og oppgåvefordeling kan endrast etter semje mellom deltakarkommunane.

**Voss kommune**  
v/ rådmann

**Modalen kommune**  
v/ rådmann

**Vaksdal kommune**  
v/ Trine Grønbeck

\_\_\_\_\_

Dato/sign

\_\_\_\_\_

Dato/sign

\_\_\_\_\_

Dato/sign